

15.01.2018

Mange brukar sjølvbetjeningskassane.



Finn Guddal er ein av mange kundar som er fornøgd med dei nye kassane.

Det er no vel ein månad sidan Spar Uskedalen tok i bruk 4 sjølvbetjeningskassar i butikken. Vi har inntrykk av at svært mange brukar dei nye kassane, og det vert understreka av opplysningar vi får frå dagleg leiar, Bente Nilsen. Dei er svært godt fornøgde med overgangen til dei nye kassane.

Då uskedalen.no var innom Spar Uskedalen mandag føremiddag, var Finn Guddal ein av kundane i butikken. Han brukte ein av dei nye sjølvbetjeningskassane, og kunne fortelja at han stort sett alltid brukte dei.

- Det funkar veldig kjapt og greitt. Det er eg fornøgd med, kommenterte Finn medan han skanna varene.

Tala vi fekk av Bente Nilsen viser at mange er av same oppfatning som Finn Guddal. Alt no går om lag 30% av både kundar og omsetning gjennom dei nye kassane.

- Det er vi veldig godt fornøgd med. 30% på kundetal, og noko mindre på omsetning vert rekna som bra då det ofte er småhandel i sjølvbetjeningskassane. Hos oss er det stor omsetning gjennom desse kassane, seier Bente Nilsen.

At så mange brukar kassane alt etter så kort tid, har nok samanheng med at betjeninga har vore svært tilhjengelege for å hjelpe og rettleia kundane i bruken no i startfasen.

- Det vil vi halda fram med, og aldri slutta med. Vi vil vera tilgjengelege heile tida, seier Bente til dette.

Brukarane har oppdaga at det nye kassasystemet er svært enkelt å bruka, sjølvforklarande som det er. Dersom betjeninga oppdagar ting som kan forbetra, melder dei dette inn, og slik er det heile tida i utvikling til beste for kunden. Ein ting som Bente også har lagt merke til, er at barna syns det er gøy, og ved at dei hjelper til trur ho at dei lærar noko av det, t.d. namn på frukt og grønsaker.

Vi spør om det berre er positive tilbakemeldingar etter omlegginga, og då kan ho fortelja at dei aller fleste er positive, men det er naturleg nok dei som er bekymra for at det kan gå ut over arbeidsplasser. Til det siste kan ho sei at det er akkurat like mange i arbeid som før, men no har dei tilsette betre tid til å vera ute på golvet blant kundane og hjelpa dei på ein god måte.

- Med 700-800 kundar kvar dag er det naturlegvis ein del som har spørsmål, og med fleire ute på golvet er det enklare å gje god service når det gjeld dette, seier Bente Nilsen og legg til at dette har dei fått positive tilbakemeldingar på.

Det er tydeleg at nyvinninga er teken godt i mot blant storparten av kundane, og om dei ønskjer handla som før, er det alltid smilande betjening klar i dei to betjente kassane som framleis er i butikken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.